

Eksamen

5. juni 2018

FOT 2003

Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

Programområde: Fotterapi og ortopediteknikk

Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|-----------------------------------|---|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timar. |
| Hjelpemidler | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| Bruk av kilder | <p>Viss du bruker kjelder i svaret ditt, skal desse alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgi forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Ingen |
| Informasjon om vurderingen | <p>I denne oppgåva blir det ved sensurering lagt vekt på :</p> <p>Under middels nivå: Eleven må vise kunnskapar utover det å kunne skrive avskrift frå bøker og notat. Eleven skal kunne fortelje og gi att med eigne ord noko av essensen i fagstoffet og ha noko forståing for faget.</p> <p>Middels nivå: Eleven skal ha gode kunnskapar om fagstoffet og kunne gjere greie for korleis det kan flettast i kvarandre og ha ei heilheitleg forståing for faget.</p> <p>Over middels nivå: Eleven skal ha solide fagkunnskapar og kunne drøfte problemstillingar. Eleven skal kunne vurdere, vere kvalitetsbevisst og opptre på ein profesjonell måte som viser at dei er helsearbeidarar.</p> |
| Andre opplysninger | Alle oppgåvene skal gjerast. Avskrift vert ikkje løna. Du kan løyse oppgåva i forhold til eige yrkesval. |

Oppgåve 1

I yrket som foterapeut eller ortopediteknikar må ein halde seg til det regelverket som til ei kvar tid gjeld.

Dette regelverket er bygd på dei erfaringane ein har utarbeidd over mange år i takt med korleis faga og samfunnet har utvikla seg.

- a) Gjer greie for korleis desse lovene og reglane er regulerte, og kven som bestemmer.
- b) Fortel korleis du vil kunne halde deg oppdatert når du er utøvar av yrket, og kva som vil skje om du ikkje gjer det.
- c) Gje eksempel på kva for lovar og reglar som er viktige i forhold til teieplikt og personvern, og kva desse lovene seier.

Oppgåve 2

Når vi jobbar med menneske, vil vi kome opp i mange ulike situasjonar.

Vi har kollegaer, pårørande og samarbeidspartnarar vi skal halde oss til, og det vert stilt krav til at vi opptre profesjonelt. Mange av desse situasjonane kan vere av ein slik art at det er vanskeleg å vere ærlig, ta eit val. Vi snakkar då om eit etisk dilemma. Definisjonen på eit etisk dilemma er: *å gjere eit val der ulike moralske prinsipp og verdier vert sette opp mot kvarandre.*

I din nye jobb har du klart å utarbeide ein ny type sole som mange har god nytte av. Dette spreier seg i vennekretsen din, og mange ønsker seg slike.

Du har ein kollega som gjev pensjonistrabatt til sine pasientar. Han meiner bestemt at du også må gje det, fordi desse solene ikkje vert dekte av det offentlege. Argumentet hans er at du tross alt jobbar i eit yrke som skal vareta og hjelpe pasientane, og ikkje alle har like god råd. Dessutan vil du få mange fleire pasientar når du sel solane billigare. Dei kostar jo ikkje så mykje i materialar, seier han.

- a) Gjer greie for korleis du vil opptre i denne situasjonen på ein profesjonell måte.
- b) Drøft kva det vil seie å vere ein profesjonell utøvar av faget ditt.
- c) Vurder kva du vil gjere i forhold til alle venene dine som gjerne vil ha vennerabatt når dei kjøper solane dine.

Oppgave 3

Ergonomi er læra om tilpassing mellom arbeidsoppgåver og kroppen sine naturlege bevegelsemønster.

Å løfte med knea, og ikkje med ryggen, sitje rett med naturleg svai i ryggen, og å bøye i første virvel i nakken og ikkje i sjuande, er noko av det som ligg inn under ergonomiske prinsipp som er viktig for eiga helse.

I yrka fotterapeut og ortopediteknikar blir det mange løft og ulike sitjestillingar ut frå kva ein jobbar med.

- a) Vurder betydinga av riktig ergonomi, og forklar kva for konsekvensar dårlege ergonomiske forhold kan føre med seg innanfor yrket ditt.
- b) Fortel kva dei ergonomiske prinsippa går ut på.
- c) Forklar kva belastingslidingar er.
- d) Gje eksempel på plager eller skadar som kan skje i musklar og sener.
- e) Gjer greie for kvifor plager ofte blir delt inn i akutte eller kroniske.

Bokmål

Eksamensinformasjon

| | |
|-------------------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timer. |
| Hjelpemidler | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| Bruk av kilder | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Ingen |
| Vedlegg som skal leveres inn | |
| Informasjon om vurderingen | <p>I denne oppgaven blir det ved sensurering lagt vekt på:</p> <p>Under middels nivå: Eleven må vise kunnskaper utover det å kunne skrive avskrift fra bøker og notater. Eleven skal kunne fortelle og gjengi med egne ord noe av essensen i fagstoffet og ha noe forståelse for faget.</p> <p>Middels nivå: Eleven skal ha gode kunnskaper om fagstoffet og kunne gjøre rede for hvordan det kan flettes i hverandre og ha en helhetlig forståelse for faget.</p> <p>Over middels nivå: Eleven skal ha solide fagkunnskaper og kunne drøfte problemstillinger. Eleven skal kunne vurdere, være kvalitetsbevisst og opptre på en profesjonell måte som viser at de er helsearbeidere</p> |
| Andre opplysninger | Alle oppgavene skal besvares. Avskrift belønnes ikke. Du kan løse oppgaven i forhold til eget yrkesvalg. |

Oppgave 1

I yrket som foterapeut eller ortopeditekniker må man forholde seg til det regelverket som til enhver tid er gjeldende.

Dette regelverket er bygget på de erfaringene man har utarbeidet over mange år i takt med hvordan fagene og samfunnet har utviklet seg.

- a) Gjør rede for hvordan disse lovene og reglene reguleres, og hvem som bestemmer.
- b) Fortell hvordan du vil kunne holde deg oppdatert når du er utøver av yrket, og hva som vil skje hvis du ikke gjør det.
- c) Gi eksempler på hvilke lover og regler som er viktig i forhold til taushetsplikt og personvern, og hva disse lovene sier.

Oppgave 2

Når vi jobber med mennesker, vil vi komme opp i mange ulike situasjoner. Vi har kollegaer, pårørende og samarbeidspartnere vi skal forholde oss til, og det stilles krav til at vi opptrer profesjonelt. Mange av disse situasjonene kan være av en slik art at det er vanskelig å være ærlig, ta et valg. Vi snakker da om et etisk dilemma. Definisjonen på et etisk dilemma er: *å foreta et valg hvor ulike moralske prinsipper og verdier settes opp mot hverandre.*

I din nye jobb har du klart å utarbeide en ny type såle som mange har god nytte av. Dette sprer seg i din vennekrets, og mange ønsker seg slike.

Du har en kollega som gir pensjonistrabatt til sine pasienter. Han mener bestemt at du også må gi det, fordi disse sålene ikke dekkes av det offentlige.

Hans argument er at du tross alt jobber i et yrke som skal ivareta og hjelpe pasientene, og ikke alle har like god råd. Dessuten vil du få mange flere pasienter når du selger sålene billigere. De koster jo ikke så mye i materialer, sier han.

- a) Gjør rede for hvordan du vil opptre i denne situasjonen på en profesjonell måte.
- b) Drøft hva vil det si å være en profesjonell utøver av faget ditt.
- c) Vurder hva du vil gjøre i forhold til alle vennene dine som gjerne vil ha vennerabatt når de kjøper sålene dine.

Oppgave 3

Ergonomi er læren om tilpasning mellom arbeidsoppgaver og kroppens naturlige bevegelsesmønster.

Å løfte med knærne, og ikke med ryggen, sitte rett med naturlig svai i ryggen, bøye i første virvel i nakken og ikke i syvende, er noe av det som ligger inn under ergonomiske prinsipper som er viktig for egen helse.

I yrkene fotterapeut og ortopeditekniker blir det mange løft og ulike sittestillinger ut fra hva man jobber med.

- a) Vurder betydningen av riktig ergonomi og forklar hvilke konsekvenser dårlige ergonomiske forhold kan medføre innenfor ditt yrke.
- b) Fortell hva de ergonomiske prinsippene går ut på.
- c) Forklar hva belastningslidelser er.
- d) Gi eksempler på plager eller skader som kan skje i muskler og sener.
- e) Gjør rede for hvorfor plager ofte blir delt inn i akutte eller kroniske.



www.vigoiks.no/eksamen